



Ordensreglar ved Lærdalsøyri skule

Me ynskjer at skulen vår skal vera ein trygg og triveleg stad å vere for både elevar, lærarar og dei andre tilsette ved skulen. Difor skal me visa høvvisk framferd og vera gode kameratar i tida me er på skulen. Dei eldre elevane må ta særleg omsyn til dei yngre.

Ordensreglane gjeld for elevane i skuletida, på skulevegen og ved skulen sine tilstellingar.

- 1. Tilhøva i og omkring skulen.**

Møt presis, vis omsyn og hald arbeidsro i timane.
Alle skal ha med seg bøker og naudsynt utstyr og yta god arbeidsinnsats.
Me held oss unna sykling i skuletida.
Skal du forlate skulen sitt område må du ha løyve.
Mobiltelefon, MP3, iPod m.m skal ikkje nyttast utan løyve frå lærar.
Alle oppslag skal godkjennast av rektor.
- 2. Handsaming av skuleanlegget, inventar m.m.**

Far fint med utstyr, inventar, bygningar og privat eigedom.
Elev og foreldre/føresette kan gjerast økonomisk ansvarleg for øydeleggingar.
- 3. Helsemessige og hygieniske tilhøve.**

Ytterkleda skal hengjast på tilvist plass.
Snop bruker me ikkje. Utanom planlagde tilstellingar / aktivitetar.
- 4. Førebygging av ulukker.**

Vis god framferd på skulevegen og følg trafikkreglane.
Me skal ikkje plaga andre med framferda eller språkbruken vår.
- 5. Forbod mot røyking m.m.**

Skulen er røyk, snus og rusmiddelfri heile døgnet.
- 6. Fritak og fråvær.**

Dersom eleven er borte frå undervisning skal skulen ha melding frå føresette.
Eige skjema skal nyttast ved fråvær utover 3 dagar. Dette finn du på heimesida.
- 7. Konsekvens ved brot på reglane.**

(ref. opplæringslova §2-9 og §2-10 og forvaltningslova kapitel 3)
Påtale frå lærar, inspektør eller rektor.
Elevar på 1. – 7. klasstrinn kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen. Foreldre / føresette skal varslast før bortvising.
Elevar på 8. – 10. klasstrinn kan utvisast frå skulen i inntil 3 dagar ved alvorlig eller gjentekne brot på reglementet. Rektor tek avgjerd etter samråd med lærar.
Foreldre / føresette skal varslast før bortvising.
Brot på IKT-reglement kan føra til utestenging frå databruk i inntil 3 veker.
På ungdomssteget kan brot på reglane og påtale føra til nedsett ordenskarakter.

ME HAR ALLE EIT ANSVAR FOR EIN GOD SKULEKVARDAG

Vedteke i SU 28. oktober 2010